



Fjordpipe har sidan starten i 1986 basert seg på prefabrikking og montering av komplette rørsystem til skips- og landbasert industri, i hovudsak på Vestlandet. Vi har i dag ein stor arbeidstokk fordelt på arbeidsleiarar, industrirørleggarar, sveisarar og VVS rørleggarar. Verkstaden vår på Nesjane på 800 kvm, med eit uteareal på 2000 kvm er moderne utstyrt for prefabrikking av rør og mindre stålkonstruksjonar. Verkstaden er utrusta med 3 sveisestasjonar for MIG/MAG og TIG, platesaks, stanse, platevalse og dorbøyemaskiner som kan bøye rør frå 12-60 mm. Med 30 år i bransjen har vi erfaringar og det utstyret som skal til for å ta på oss varierte og samansette oppdrag.

Samarbeidspartar

EMV Piping – er godkjent bemanningsselskap

Staro Tech – er samarbeidspart på maskinering og mekanisk arbeid

Eikefjord Rør – er sertifisert på sveising av plastrør

Vi har ledig stilling som

KONTORMEDARBEIDAR

6 mnd vikariat 100 % stilling

Arbeidet omfattar

- Lønsarbeid
- Arkivering
- Fakturakontroll
- Diverse kontorarbeid

Vi ønskjer at du har:

- Godt humør og stå på vilje
- Gode datakunnskaper
- Gode evner til samarbeid
- Gode engelsk kunnskaper

Vi tilbyr

- Opplæring
- Gode løns- og arbeidsvilkår
- Bedriftshelseteneste

Søknad med CV sendast til post@fjordpipe.no innan 31. august 2016.

Har du spørsmål om stillinga?

Kontakt Jon Åge Sande på tlf. 911 76 623